

FIS-renn på Bjorli:

# Fantastisk 3. plass til Vegard Busengdal

**Førre helg opna Stordal IL sine "4 store" sesongen med fine plasseringar.**

BB • JOON YOUNG CHANG

Erika Holand Tøsse, Jørgen Vinje Tøsse, Ingrid Busengdal og Vegard Busengdal går på Stranda Vidaregåande skule og Stordal skule og står på ski for Stordal. Ingrid hadde skada på kneet sitt og derfor kunne ikkje ho bli med. For fem veker sidan var dei på trening i Italia.

## **Erika, først ute**

Erika Holand Tøsse var på Geilo og opna først FIS-rennet sitt. Ho oppnådde 27. plass i storslalåm (som 17. beste norske).

Søndag hadde Erika kanonbra 2. omgang, der ho var berre 0,63 sekund bak vinnaren Igjatovic frå Serbia. Erika kom på 25. plass og var 11. beste norske løpar under rennet.

## **Vegard skreiv Stordalshistorie**

Vegard Busengdal og Jørgen Vinje Tøsse reiste til Bjorli tysdagen førre veka, for å prøve løypa på



*Vegard Busengdal i aksjon*

rennet. Laurdagen byrja alvoret. Vegard hadde ein kanondag. Han vart nr 12 av 95 løparar, og han

hadde berre 5 nordmenn framfor seg på resultatlista. - I det siste har Vegard vist im-

ponerende køyring på trening, og det var veldig kjekt at han slo til i dagens konkurranse, fortel

Magne Tøsse som er leiari for alpingruppa.

Søndagen slo Vegard verkeleg til. Han kom på 3. plass i 1. omgang, så kom han på 10. plass. I 2. omgang klatra han opp til 3. plass. Det var 0,78 sekund frå vinnaren Simen Ramberg Christensen. - Eg trudde ikkje at eg kom til å nå så langt, men det gjekk over all forventning.

Vegard var ikkje den første stordaling som kom opp på pallen, men han var den første som har stått på ski for Stordal heile tida.

## **Bra oppvekst i klubben**

- Eg er kjempefornøgd med dei 4 løparar vi har i klubben, seier Magne Tøsse. Dei "4 store" har stått på ski frå dei var 7-8 år.

Søndags natta kunne ein legge lett merke til att mange som gratulasjonar på veggen til Vegard på "Facebook". - Du imponera, gratulerer med 3. plass, stolt av deg, skreiv mange.